

Budsjett 2016



Budsjettdokument for 2016 og
økonomiplan for 2016 - 19

Kommunestyret sitt vedtekte budsjett
i sak 065/2015
Dato: 10.12.2015



RADØY
den grønne øya



Tryggleik, trivsel og livskvalitet for alle

Framlegget til budsjett for 2016 bygger på rekneskapan for 2014, budsjett 2015 og statsbudsjettet for 2016.

Budsjettet for 2016 legg i hovudsak opp til å vidareføra drifta på dagens nivå. Dette vil vera utfordrande, men med dei tala for inntekter og utgifter som er kjende så langt i budsjettprosessen, er dette mogleg. Det er heilt avgjerande å ha eit realistisk budsjett med eit minimumsnivå av planlagt mindreforbruk, noko dette budsjettet legg opp til. Dei økonomiske rammene er fortsatt svært stramme og det er viktig å halda fram med nøktern drift, med kontinuerleg kostnadsfokus i heile organisasjonen for å få til eit godt økonomisk resultat.

Betinga stillingsstopp og stillingsgruppe for vurdering av utlysning av alle stillingar for meir enn fire veker er eit av tiltaka som vil bli vidareført i 2016, i tillegg til periodisert budsjett, klår budsjett disiplin og månadlege økonomirapportar frå tenesteleiarane.

Høgt sjukefråvere er dyrt for kommunen og det vil bli arbeidd vidare med ulike tiltak for å prøva redusera sjukefråveret i organisasjonen.

Systematisk arbeid med styring, utvikling og kvalitetssikring av tenestene vil halda fram i 2016. Systematisk oppfølging av investeringspostane, med blant anna prosjektorganisering for å sikra igangsetting og god gjennomføring, vil vidareført og styrka.

God leiing i heile organisasjonen er viktig og påverkar evna til gode tenester, sjukefråvære og evna til god økonomisk drift. Det vil såleis vera fokus på leiing og leiarskapet i organisasjonen. Leiarprogrammet som vart starta opp i 2015 i samarbeid med AFF, vil halda fram i 2016. Leiarprogrammet er finansiert av OU-midlar frå KS og gjennomføringa vil dermed i liten grad påverka driftsrekneskapan.

Arbeidet med kommunereforma vil framleis krevja ein del ressursar i toppleiinga i kommunen. Avgjerd på

kva veg Radøy går vil liggja føre i løpet av første halvår 2016 og dette kan føra med seg større ressursbruk også i andre delar av organisasjonen. Dette må rådmannen koma attende til når meir er klart.

Nytt målstyringsdokument vil bli lagt ved budsjettet. Arbeidet med å gjera målstyring til eit tenleg verktøy i styringa av drifta vil bli forsterka i 2016. Det skal rapporterast på måla i målstyringsdokumentet minst to gonger i året til overordna administrativt nivå, og vil på slutten av året danna grunnlag for årsrapporten.

Kommunen som tenesteleverandør

Radøy kommune skal levera ei rekkje tenester til innbyggjarane i Radøy, frå jordmortenester ved fødsel, via barnehage og skule under oppveksten, til pleie- og omsorgstenester til eldre og andre som har trong for pleie, tilsyn eller anna hjelp til å meistra kvardagen. I tillegg skal det leverast mange andre tenester undervegs, frå musikk- og kulturskule til vassforsyning og stell av grøntanlegg.

Til å finansiera alt dette får kommunen overført midlar frå staten i form av rammetilskot og skatt, i tillegg til ymse andre tilskot og overføringar. Innbyggjarane betalar eigedomsskatt

og gebyr eller eigenbetaling for ein del tenester. Til saman må dette «gå rundt» og samstundes gje tilstrekkeleg overskot til at kommunen ikkje vert utarma over tid.


Staten fastset storleiken på rammetilskot, og langt på veg skatt, i statsbudsjettet. Rammetilskotet kan kommunen ikkje påverka på annan måte enn gjennom folketalet. Refusjoninntekter og overføringar er i stor grad knytt til produksjon av tenester og skal i beste fall dekkja kostnadene som følgjer av dette. Eigenbetalingar og gebyr er regulerte anten gjennom sjølvkost eller direkte i forskrift. Dei samla inntektene er såleis lite påverkelege, og dei ein kan gjera noko med, er det som regel vanskeleg å auka utan at dette fører til minst like store meirkostnader. Dette er noko av det som skil kommunebudsjett frå budsjett i private verksemdar.

Rammetilskot

Diagrammet på nedst på denne sida syner at vi har hatt svak tilbakegang i folketalet frå 1.1.2014 til 1.1.2015, slik at vi pr 1.1.2015 hadde 5.014 innbyggjarar. Framskrivingsstala for 2017-19 er basert på Statistisk Sentralbyrå sin framskrivingsmodell, etter den såkalla MMM-varianten.

Frå 1.7.2014 til 1.7.2015 har vi derimot hatt vekst frå 5.003 til 5.046. Folketalutviklinga pr 1.7. er vesentleg i høve til

Folketalutvikling



Hovudoversikt drift

	Rekneskap	Budsjett 2015	
	2014	regulert	Budsjett 2016
Brukarbetalingar	18 209 036	17 110 000	16 880 000
Andre sals- og leigeinntekter	27 580 579	26 026 000	27 600 500
Overføringer med krav til motytingar	44 397 122	30 810 000	33 223 240
Rammetilskot frå staten	144 968 820	146 206 000	147 523 000
Andre statlige overføringer	8 920 768	6 739 000	9 920 000
Andre overføringer	165 666	-	-
Skatt på inntekt og formue	110 957 327	113 588 000	122 257 000
Eigedomsskatt	11 554 856	11 728 000	11 931 000
Sum driftsinntekter	366 754 172	352 207 000	369 334 740
Lønsutgifter	211 735 611	204 971 000	214 340 846
Sosiale utgifter	58 309 823	62 632 000	63 347 705
Kjøp som inngår i kommunal prod.	46 738 231	40 702 000	41 377 605
Kjøp som erstattar egen prod.	24 008 543	23 441 000	23 392 440
Overføringer	26 292 897	16 250 000	17 476 000
Avskrivningar	13 913 740	12 937 000	13 500 000
Fordelte utgifter	-3 367 585	-3 166 000	-3 152 000
Sum driftsutgifter	377 631 261	357 767 000	370 282 596
Brutto driftsresultat	-10 877 088	-5 560 000	-947 856
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	8 237 638	4 609 000	3 713 000
Mottekne avdrag på lån	24 740	60 000	60 000
Sum eksterne finansinntekter	8 262 378	4 669 000	3 773 000
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	6 546 313	5 800 000	5 482 000
Avdragsutgifter	8 210 680	7 950 000	7 800 000
Utlån	321 812	60 000	60 000
Sum eksterne finansutgifter	15 078 804	13 810 000	13 342 000
Resultat eksterne finansieringstransaksjon	-6 816 426	-9 141 000	-9 569 000
Motpost avskrivningar	13 913 740	12 937 000	13 500 000
Netto driftsresultat	-3 779 774	-1 764 000	2 983 144
Bruk av overskot frå tidl år	93 592	-	-
Bruk av disposisjonsfond	478 298	800 000	-
Bruk av bundne fond	1 106 955	966 000	636 000
Sum bruk av avsetningar	1 678 845	1 766 000	636 000
Overført til investeringsrekneskapen	895 000	-	-
Avsetningar disposisjonsfond	1 654 023	-	20 000
Avsetningar til bundne fond			
Sum avsetjing til fond	2 549 023	-	20 000
Netto avsetningar	-870 178	1 766 000	616 000
Rekneskapsmessig mindreforbruk	-4 649 952	2 000	3 599 144

inntektene, då rammetilskotet for 2016 vert rekna ut etter talet på innbyggjarar pr 1.7.2015. For skattinngangen og inntektsutjamninga er det folketalet pr 1.1.2016 som er avgjerande.

Tabellen på neste side syner fordelinga av rammetilskotet for dei siste tre åra. Vi ser at innbyggjartilskotet for 2016 har auka med ca 2,2 mill samanlikna med 2015, mendant utgiftsutjamninga har gått ned med knapt 3 mill. I statsbudsjettet er det lagt opp til at skatteinngangen aukar med ca 8,7 mill. i 2016 samanlikna med 2015.

Sum rammetilskot og skatt aukar med nær 10 mill for Radøy kommune. Sa-

manlikna med tilsvarende tal for 2015 utgjør dette ein auke på 3,8%. Pårekna pris- og lønsvekst er sett til 2,7%. Det vil seia at kommunen i teorien har fått ein realvekst i dei frie inntektene i 2016.

Utgiftsutjamninga gir noko lågare tilskot i 2016 enn i 2015. Utgiftsutjamninga er eit komplisert system med kriterium og vektning, som gir eit tillegg eller frådrag til innbyggjartilskotet. For Radøy sin del har vi eit samla utgiftsbehov som er 6,83% høgare enn landsgjennomsnittet. Dette gir 16,951 mill i utgiftsutjamning i 2016. Skjønstilskot frå Fylkesmannen er gitt

med 3,6 mill. for 2016, som er ein auke på 0,4 mill frå 2015. Av desse midlane skal kr 300.000 nyttast til gjennomgang av organiseringa av tenestetilbodet ved Omsut.

Skatteinntekter

I framlegget til statsbudsjett er det rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2015 til 2016 med 7,4%. Det er lagt opp til at skatteøyret vert 11,8%, ein auke frå 11,35% i 2015. Endeleg sats vert først fastsett ved handsaming i Stortinget, og rådmannen legg til grunn at Radøy kommune følgjer satsane som vert vedtekte av Stortinget for 2016. Auken i det kommunale skattaøyret

Budsjettskjema 1A

	Rekneskap	Budsjett 2015	
	2014	reg	Budsjett 2016
Skatt på inntekt og formue	110 957 327	113 588 000	122 257 000
Ordinært rammetilskot	144 968 820	146 206 000	147 523 000
Eigedomsskatt	11 554 856	11 728 000	11 931 000
Andre generelle statstilskot	8 920 768	6 739 000	9 920 000
Sum frie disponible inntekter	276 401 771	278 261 000	291 631 000
Renteinntekter og utbyte	8 237 638	4 609 000	3 713 000
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	6 546 313	5 800 000	5 482 000
Avdrag på lån	8 210 680	7 950 000	7 800 000
Netto finansinntekter/-utgifter	-6 519 354	-9 141 000	-9 569 000
Til dekking av meirforbruk frå tidl. år	-	-	-
Til ubundne avsetjingar	895 000	-	-
Til bundne avsetjingar	1 654 023	-	20 000
Bruk av mindreforbruk frå tidl. år	93 592	-	-
Bruk av ubundne avsetjingar	478 298	800 000	-
Bruk av bundne avsetjingar	1 106 955	966 000	636 000
Netto bruk av fond/avsetjing til fond	-870 178	1 766 000	616 000
Overført til investeringsrekneskapen	-	-	-
Til fordeling drift	269 012 239	270 886 000	282 678 000
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	273 662 191	270 884 000	279 078 856
Meirforbruk/mindreforbruk	-4 649 952	2 000	3 599 144

Budsjettskjema 1B

	Rekneskap	Budsjett 2015	
	2014	just	Budsjett 2016
Stab og politisk	15 949 414	18 163 000	18 119 849
Oppvekst	104 678 983	108 087 000	107 779 821
Helse og omsorg	123 723 205	119 181 000	125 757 318
Drift og forvaltning	27 354 909	25 453 000	27 421 868
Finans	1 995 681		
Sum drift	273 662 191	270 884 000	279 078 856

må sjåast i samanheng med målsetjinga om at skattedelen skal utgjera om lag 40% av inntektene for kommunane. Skatteinngangen er alltid usikker, men sidan Radøy kommune har skatteinngang under 90% av landsgjennomsnittet, får lokal endring i skatteinngangen lite å seia for inntekta vår. Til gjengjeld vil endring i skatteinngangen på landsplan ha sterk innverknad. Dette skuldast ordninga med inntektsutjamning. Inntektsutjamninga blir i rekneskap og budsjett

ført som ein del av rammetilskotet. I framlegget til statsbudsjett går det fram at auka frie inntekter er tenkt å dekkja auka ressursinnsats på følgjande område:

- Endring i folkemengd og alderssamansetjing
- Auka pensjonskostnader
- Auka sasting innan rusomsorg
- Auka sasting på helsestasjon og skulehelseteneste
- Meir fleksible barnehageopptak

Midlane er ikkje øyremerka, og det er kommunestyret som prioriterer bruken av dei samla frie inntektene.

Av andre endringar frå 2015 kan nemnast at tilskotet til ØH-senger er innlemma i rammetilskotet frå 2016. For Radøy kommune utgjør dette om lag 1,2 mill. Dette er midlar som i praksis blir overført til Lindås kommune, som driv ØH-sengene i regionen. Vidare er skatteoppkrevjarfunksjonen føresett overført til staten pr juni 2016, og rammene er redusert med kr 751.000 som følge av dette. Vi har i dag skatteoppkrevjarfunksjonen som eit interkommunal samarbeid med Lindås som vertskommune. Dersom denne endringa faktisk vert gjennomført, må det avklårast korleis innkrevjing av eigedomsskatt og kommunale gebyr skal gjerast frå juni 2016. Det er i budsjettet lagt til grunn redusert overføring til Lindås, utan at realiteten i dette er avklåra.

Pensjonskostnaden har i 2015 auka mindre enn tidlegare føresett. For Sta-

Rammetilskot og skatt (tal i heile tusen)	2014	2015	2016
Innbyggjartilskot (lik sum pr innbyggjar i heile landet)	114.879	112.191	114.384
Utgiftsutjamning	16.358	19.924	16.951
Overgangsordningar	1.180	440	1.016
Saker med særskilt fordeling	247	437	723
Ordinært skjøn	3.200	3.200	3.600
Inntektsutjamning	9.206	10.105	10.849
Skatteinngang	110.958	113.588	122.257
Sum rammetilskot og skatt	256.027	259.900	269.800

tens Pensjonskasse sin del er påreknad kostnad i 2016 ca 13% lågare enn kostnaden i 2014. I KLP har kostnaden berre auka med ca 1,77% frå 2015 til 2016.

Eigedomsskatten vert føreslegen vidareført med 7‰ som hovudsats, men med 3‰ på bustader og ubygde grunnstykke.

Integreringstilskotet aukar noko som følgje av nye flyktningar som har kome i 2015 og det ein reknar med skal koma i 2016. Det er lagt til grunn 9 nye flyktningar, pluss tre familiegjenforeningar. Det vert tilført ekstra midlar til NAV sosial og til fellestenester helse og omsorg som kompensasjon for auka kostnader til flyktningar. Mottak av flyktningar ut over dette, må takast som eiga sak i løpet av 2016.

Renteinntekter og utbytte er sett til kr 3,7 mill. Aksjeutbyttet i BKK er sett til kr 2.960.000 som svarar til det vi mottok frå BKK i 2015.

Renteinntekter av bankinnskot er sett til kr 200.000 Det er då lagt til grunn at lån vert teke opp tidleg i året, og plassert på gjeldande rentevilkår gjennom året. Rentenivået på innskot er knytt til 3 månaders NIBOR. I starten av 2015 låg NIBOR på 1,39%, og har i løpet av året falle til 1,16% pr september. Utviklinga i NIBOR er vanskeleg å spå.

Renteutgifter er estimert til ca 5,5 mill i 2016. Kommunen har fastrenteavtale på tre lån i Kommunalbanken, bundne til 2,49 % fram til 2019. Denne rentebindinga vart gjort i august 2014, og

på dette tidspunktet vurderte rådmannen det som rett å gå inn for binding i fem år, for å sikra føreseieleg rente på ein del av lånemassen.

Vidare har kommunen fastrente på nokre lån i Husbanken, bunde til 2,1% i 5 år frå november 2012. For dei resterande låna har vi flytande rente. Den flytande renta i Kommunalbanken er for tida (oktober 2015) 1,66%. Mykje tyder på at rentenivået vert liggjande ganske flatt i i ein lengre periode, sjå Noregs bank si rentevifte i diagrammet nedanfor. Rådmannen har difor valt å setja rentenivået i 2016 til 1,7% på lån med flytande rente.


Avdragskostnaden er sett til 7,8 mill i 2016. Kommunen er pålagt å betala avdrag kvart år, og det er fastsett retningliner for å rekna ut minsteavdrag, der ein legg til grunn vekta gjennomsnitt basert på avskrivningstida til dei

ulike anleggsmidlane. Fylkesmannen legg til grunn at avdraga bør vera 3,5% av lånegjelda kvart år, noko som ville gitt om lag 8,4 mill i avdrag. Rådmannen held seg til at avdrag på 7,8 mill i 2016 er innfor kommunelova sine reglar. Brutto lånegjeld, inkl. lån til vidare utlån, vil pr 1.1.2016 vera ca kr 270 mill. Med planlagde låneopptak og avdrag i 2016, vil lånegjelda auka til ca 277 mill ved utgangen av 2016.

Radøy kommune har ei lånegjeld som er lågare enn mange andre kommunar, men likevel er gjelda høg i absolutte tal. Vi har lågare skatteinnang og høgare utgifter enn gjennomsnittskommunen, og må difor ha lågare gjeldsgrad.


Eit mykje nytta samanlikningstal for å vurdere gjeldsnivået er netto lånegjeld i prosent av sum brutto driftsinntekter. Rekna på denne måte var lånegjelda 57,1% i 2010, 54,6% i 2012 og 57,0%

Figur 2.4a Anslag på styringsrenten i referansebanen med sannsynlighetsfordeling.¹⁾ Prosent. 1. kv. 2008 – 4. kv. 2018²⁾



1) Usikkerhetsviftene er basert på historiske erfaringer og stokastiske simuleringer fra vår makroøkonomiske hovedmodell, NEMO, se ramme på side 20. Usikkerhetsviftene for styringsrenten tar ikke hensyn til at det kan eksistere en nedre grense for renten.
2) Anslaa for 3. kv. 2015 – 4. kv. 2018 (stiolet)

Arbeidskapital ex premieavvik i % av netto driftsinntekter



Kostra-tal

I budsjettdokumentet vert det presentert Kostra-tal frå 2011 til 2014. Samanlikningskommunane er Sveio, Osterøy, Vågsøy og Gloppen. Dette er kommunar som liknar på Radøy. Kommunane er valde ut i samråd med fylkesmannen. Radøy er no i KOSTRA-gruppe 10, dvs mellomstore kommunar med 5.000 - 19.999 innbyggjarar, med låge frie disponible inntekter og middels bundne kostnader, slik Statistisk Sentralbyrå har definert det.

ved utgangen av 2014. Etter måten høge investeringar i åra 2015 og 2016, kombinert med mindre auke i totale driftsinntekter gjer at netto lånegjeld vil auka til ca 66,8% ved utgangen av 2016.

Stab og politisk

Stab og politisk femner om ordførar og andre politiske organ, revisjon, rådmannen og staben hans. I tillegg kjem felles landbrukskontor, Nordhordland digitalt, tillitsvalde og ein del felles kostnader, som IKT Nh, datakommunikasjon, lisensar, kontingentar og forsikring.


Kostnadene til «politisk» går noko ned samanlikna med 2015, dette skuldast at 2015 var eit valår, med ekstra kostnader knytt til valavviklinga.

Ressursbruken i rådmannsstab er i all hovudsak uendra samanlikna med 2015, bortsett frå ordinær lønsvekst. Felles landbrukskontor og Nordhordland Digitalt er interkommunale tiltak. Det er ikkje lagt opp til vesentleg endring av aktiviteten har i 2016. Felleskostnader aukar tilsynelatande noko i 2016, men dette skudast primært lisenskostnader til Visma Enterprise, som er overført frå løns- og

rekneskapskontoret. Visma Enterprise vert etter kvart brukt på dei aller fleste tenesteområde. Forsikringspremie knytt til personar og ansvar vert kostnadsført sentralt, bygningar og bilar

på aktuelle tenesteområde. Premie på personforsikring aukar med 5%, tingforsikring 8%. Alle forsikringar vert vurdert iht utviklinga i marknaden, og er på anbod etter gjeldande regelverk.

Kostnader til administrasjon pr innb



Diagrammet ovanfor syner kostnadene til administrasjon i kvar av samanlikningskommunane. Tala er henta frå KOSTRA-rapporteringa for 2014. Kommunane har ikkje nødvendigvis heilt same praksis på kva kostnader som vert ført som administrasjon. Osterøy er noko større enn dei andre kommunane, og større kommunar har som hovudregel lågare høvesvis del administrasjon enn mindre kommunar. For åra 2011-13 er kommunegruppa 02, for 2014 er kommunegruppa 10. Dette «forklarer fallet» i administrasjonskostnad frå 2013 til 2014 for kommunegruppa.

Interkommunale samarbeidstiltak

Namn	Tal deltakarar	Del Radøy	R 2014	B 2015	B 2016
Nordhordland IKT drift	9	11,2 %	2 318 076	2 575 000	2 450 000
Nordhordland legevakt	9	12,0 %	2 379 802	2 380 145	2 355 000
Senger for øyeblikkeleg hjelp	9	12,0 %	583 133	678 793	1 267 440
Nordhordland revisjon IKS	7	19,9 %	701 688	722 000	741 000
Nordhordland kemnerkontor	5	14,2 %	793 802	878 000	600 000
Nordhordland Utviklingsselskap IKS	9	11,7 %	390 647	414 000	414 000
Sekretariatsfunksjon kontrollutvalet	8	12,48 %	79 714	81 000	81 000
Brannførebyggjande samarbeid	9	14,0 %	366 183	432 000	466 000
Distriktsveterinærteneste	3	37,0 %	119 971	180 000	185 000
Interkommunalt krisesenter	19	1,48 %	204 638	210 000	230 000
Teknisk - hygienisk ingeniør	7	14,0 %	122 773	120 000	118 000
Business Region Bergen	9	0,41 %	50 390	51 000	51 000
Interkommunalt byggetilsyn	9	11,0 %	104 777	280 000	Avslutta
Kompetanseprosjekt Nordhordland	9	11,3 %	40 050	41 000	41 000
Biosfæreprosjekt Nordhordland	9	11,4 %	23 000	51 000	51 000
Brannvarslingssentral, Bergen (110)	28		196 004	200 000	207 000
Interkommunalt arkiv	31	2,85 %	84 324	90 000	116 000
Bergen og omland friluftsråd	15		58 207	80 000	80 000
Interkom. utval mot akuttforurensing (IUA)	26		49 890	50 000	50 000
Innkjøpsamarbeid Bergen kommune	15	Fast avg	87 000	90 000	94 000
Syns og audiopedagogiske tenester			101 044	104 000	102 000
Norskundervisning for framandspråklege		Løpande	1 429 822	1 590 000	1 650 000
Tiltak der Radøy er vertskommune:					
Radøy interkommunale busenter		50 %			
Nordhordland digitalt		Ca 12%			
Felles landbrukskontor, Austrheim, Fedje, Radøy		68 %			

Oppvekst

Fellestenester oppvekst.

I budsjettsammenheng er det her det har vore størst kostnadsauke dei seinare åra. I denne ramma vert det mellom anna ført utgifter på elevar frå Radøy som går på private skular i andre kommunar, der nokre og har trong for omfattande spesialpedagogiske tiltak. Totalkostnaden for desse borna er nok ikkje høgare enn om dei hadde gått på skule i eigen kommune, men kostnaden hadde då vore ført på den einskilde skule og ikkje på ein sentral post. Vi finn i denne ramma og utgifter til såkalla gjesteelevar, ei gruppe det ofte er knytta barnevernsvedtak til. Dei siste åra har det vore fleire born, med dyrare tiltak for enn tidlegare i denne gruppa. Prognosane for 2016 viser ein nedgang i kostnadane på dette området, og skuldast hovudsakleg at nokre av desse borna no har gått ut av grunnskulen i 2015.

Ungdomsordinator ligg og inne under ansvarsområdet fellestenester oppvekst. Dette er ei stilling som det er knytta store og viktige oppgåver til i det førebyggjande ungdomsarbeidet til kommunen. I budsjettet for 2016 har ein vidareført drifta for denne stillinga og dette arbeidet i det omfanget ein har pr i dag.


Styrkingstiltak barnehage. Dette er og ein post som har auka kraftig dei siste åra. Her finn vi mellom anna kostnadar til barnehageplassar for born som går i barnehage i annan kommune enn heimkommunen. Dette kan til dels samanliknast med born som går på private skular, i og med at desse utgiftene ikkje direkte kan sparast inn dersom borna hadde gått i ein av våre

eigne barnehagar. Kostnadane hadde då vore fordelt på dei aktuelle barnehagane borna hadde gått i, og ikkje på ein sentral ført post. Det er alltid noko uvisse knytt til kostnadane til på dette området. Det er i budsjettet redusert utgifter på denne posten med 1 mill frå 2015, men det er ikkje råd å stadfesta at dette blir det endelege talet for 2016. Årsaka til uvissa er at det er umogleg å spå eksakt kor mange born frå Radøy som vil gå i barnehagar utafor kommunen hausten 2016. Det beste verkemiddelet for å redusere utgifter på dette området er å ha nok kapasitet i våre eigne barnehagar. I statsbudsjettet er det lagt inn at auken i rammoverføringa til kommunane mellom anna skal nyttast til meir fleksible barnehageopptak. I Radøy har vi allereie stort sett fulle barnehagar, fordi vi har vore fleksible og teke opp born utan rett til plass både ved hovudopptaket og elles gjennom året. I praksis får dei fleste som søker plass etter kvart, men berre dersom det ikkje fører til auke i avdelingar og/eller personell. Eit fullt ut gjennomført

kontinuerleg opptak vil føra til krav om styrka bemanning, særleg vil dette gjelda pedagogar. I mange barnehagar/avdelingar vil manglande plass i form av leikeareal vera det største hinderet.

Vaksenopplæring. Auken på dette området skuldast mellom anna retten til grunnskuleopplæring for alle innbyggjarar, inkludert framandspråklege. Medan retten tidlegare hovudsakleg var knytt til norskopplæring, har alle innbyggjarar i dag rett til opplæring tilsvarande norsk grunnskuleopplæring. Dette har samanheng med at ein må kunne dokumentere slik kompetanse for å kunne byrje på vidaregåande opplæring og utdanning. Mange framandspråklege har ikkje slik bakgrunn når dei kjem til landet, og får etter kompetansekartlegging tilbod om opplæring utifrå kva kartlegginga viser. Radøy bruker Lindås opplæringscenter til denne tenesta, då dei har kompetanse på området og dei truleg gjev eit betre og rimelegare tilbod enn det vi kan klare sjølv.

Netto utgifter skulesektor pr innb 6-15 år



Elevtal pr skule, oppdatert pr september 2015

	14/15	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20
Austebygd skule	50	51	53	51	51	49
Hordabø skule	104	97	102	100	106	103
Manger skule	153	149	152	150	155	160
Sæbø skule	129	124	120	112	108	109
Radøy ungdomsskule	213	213	193	185	169	171
SUM	649	634	620	598	589	592

Elevtala syner kor mange elevar som går på kvar einskild skule. Tala er henta frå skulane si GSI-rapportering når det gjeld elevar som går på skulen (fødd 2009 eller før). Tala er såleis korrekte i høve til privatskular og internflytting for 2014-2016. Tala for dei som startar på skulen frå 2016 og utover er basert på tal i Folkeregisteret.

Barnehagane har hatt jamn vekst dei siste åra. I 2016 må barnehagane tilførest ytterlegare midlar for å oppretthalde driftsnivået. Dette gjeld hovudsakleg Prestmarka og Bø, og skuldast at desse barnehagane har fått tilført for lite budsjettmidlar dei siste åra i forhold til den drifta dei har. Vi har i tillegg måtte opprette ei ny avdeling i Prestmarka inneverande barnehageår for å kunne gi tilbod om plass til alle som har rett til det. Dette har blitt løyst ved å leige større areal hjå Helse Bergen, som igjen har ført til auka kostnader til husleige og innreiing. I 2015 vart det innført to nye nasjonale

moderasjonsordningar for familiar med låg inntekt, som vil føre til mindre inntekt for barnehagane. Hvis maksprisen for barnehageplass i kommunen er høgare enn 6 prosent av den samla inntekta til familien, skal du ha redusert pris. Dette vart innført 1. mai 2015. Ordninga går ut på at ingen skal betale meir enn 6 prosent av inntekta si til barnehagen. I 2015 gjeld det for familiar som har samla inntekt som er lågare enn 473 000 kroner. Inntektsgrensa for 2016 er enno ikkje klar.

Den andre nasjonale ordninga som vart innført er gratis kjernetid for 4- og 5-åringar. Frå 1. august 2015 har alle 4- og 5-åringar, og born med utsett skulestart, som bur i familiar med låg inntekt rett til å få 20 timar gratis opphaldstid i barnehage per veke. Denne ordninga gjeld for familiar som har ei samla inntekt på mindre enn 405 000 kroner. Rådmannen vurderer bemanninga og organiseringa i barnehagane slik at det er vanskeleg å gjennomføra innsparingar utan å koma i konflikt med krav til bemanning. Talet på avdelingar er tett knytt til barnetalet. Prestmarka er delt på tre lokalitetar, og ideelt burde desse vore samla. Ei slik samling vil ikkje redusera talet på avdelingar, men vil gjera det administrative arbeidet i barnehagen enklare, utan at dette gir noka direkte økonomisk innsparing. Ein har pr i dag ingen tilgjengelege lokale for ei slik samling på Manger. I eit langsiktig perspektiv må ein greie ut om bygging av ny barnehage på Manger må til for å løyse framtidige behov.


Skulestrukturen i Radøy har ikkje vore noko politisk tema dei siste åra. Det har vore brei semje om at 4 barneskular og ein ungdomsskule er ei god inndeling. I elevtalsprognosane for åra som kjem,

Barnehagestatus pr 1.10.2015

Fødd	Austebygd	Bø	Prestmarka	Sæbø	Total	% Dekning
2014	0	11	22	7	40	57,97
2013	4	7	23	13	47	82,46
2012	8	14	25	10	57	93,44
2011	3	10	22	10	45	95,74
2010	7	21	21	9	58	96,67
I alt	22	63	113	49	247	84,01

Det ligg ikkje føre opplysningar om born som går i private barnehagar i andre kommunar.

Netto driftsutgifter barnehage pr innbyggjar 1-5 år




varierer elevtalet på kvart klassetrinn mellom 54 og 70 elevar. Dette betyr at ein kvart år kunne hatt to eller tre klassar på kvart alderstrinn, men med gjeldande skulestruktur får vi fire eller til og med fem klassar. Her ligg ein betydeleg meirkostnad i høve til rammeoverføringa Radøy kommune får frå staten. Radøy kommune har i mange år hatt ein eigen modell for tildeling av ressursar til skulane, utifrå ein totalpott. Modellen er basert på elevtal, og fungerer stort sett slik at auka elevtal gir auka tildeling til den einskilde skule, men

også slik at minkande elevtal reduserer tildelinga. I høve til den økonomiske realiteten vi står overfor i åra som kjem, må ein justera modellen og tildelingskriteria for å kunna redusera løyvingane til skulen. Rådmannen vil understreka at ei slik innsparing vil gå ut over tilbodet til elevane, også spesialundervisninga.

PPT har ei fast bemanning på tre tilsette. I store delar av 2015 har psykologstillinga hjå PPT stått vakant, grunna utdanningspermisjon. I haust har ein tilsett spesialpedagog i 50% vikariat for å handtere arbeidsmengda i tida medan psykologen har permisjon. Budsjettauken frå revidert budsjett 2015 til 2016 skuldast delvis at ein har spart inn lønsmidlar i permisjonstida i 2015. I tillegg har ein tidlegare år ført 40% av ei av stillingane på fellestenester oppvekst, medan ein for 2016 budsjetterer personalkostnadane for alle tre stillingane på ansvarsområdet PPT.

Radøy musikk- og kulturskule er lagt inn med ein liten auke i budsjettet for 2016. Dette skuldast mellom anna litt færre elevar enn tidlegare år, som igjen fører til lågare inntekt gjennom foreldrebetaling.

Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning



Helse og omsorg

Det er jamt auka press på sektoren. Pasientar frå sjukehusa blir skrivne ut tidlegare til kommunane, anten til heimetenesta eller Velferdssenteret. Vi ser at psykisk helse er viktig og det er og overordna fokus på denne gruppa. Satsing på psykisk helse blir understøtta av signal i Regjeringa si primærmelding. Det har vore satsing på barn og unge i 2015 og kommunepsykolog er kome på plass, foreløpig i engasjement. NAV blir styrka i 2016 med prosjektstilling innan rus og arbeid med sosial og flyktningar.

Det er i budsjettet gitt auka rammer for **NAV Sosial**. Ein ser m.a. at kostnadene til sosialhjelp har auka i 2015. Flyktningar og sosialførebygging vil verta satsingsområde i 2016, forutan at det er motteke prosjektmidlar til rus, der kommunen må dekkja 30 % av stilling. Samla vil dette gi NAV sosial betre rammer i 2016.

Kommunestyret har vedteke å ta i mot

nye flyktningar i 2015/2016. Desse utløyser auka tilskot, men også auka kostnader og ressursar for å skaffa bustad, gje utdanning og få til inkludering. Kommunane må pårekna å auka talet på flyktningar framover.

Legetenesta består av fleire element; kommuneoverlege, tilsynslegeordning ved institusjonane, legesenteret og den interkommunale legevakta. Gode legetenester er svært viktig i høve til å unngå innlegging på sjukehus og dermed halda kostnadane til liggedøgn nede.

Helsestasjonen har ei viktig rolle og ein vurderar korleis ressursane blir utnytta best mogleg. Radøy kommune har jordmor i 30% stilling, for å kunna gje eit akseptabelt tilbod. Ordninga fungerer bra, og det er god pågang av fødande! Ny samhandlingsavtale om fødande vil gje auka press på jordmor og helsestasjon. Det er og ønskje om helsestasjon for ungdom, som må vurderast nærare. Fysioterapienesta



driv svært nøkternt økonomisk, og rådmannen kan ikkje sjå at løyvingane til fysioterapi kan reduserast utan at det får direkte verknad for tenestetilbodet.

Den interkommunale legevakttenesta vart i 2013 utvida med senger for «øyeblikkelig hjelp», såkalla ØH-senger. Fleire kommunar har gått inn i ordninga. Vi er pålagt å ha eit slikt tilbod på plass frå 2016, og det har vert gjeve tilskot til etablering og drift av nye plassar. I 2016 vert dette rammefinansiert. Nytt naudnett har vore testa i 2015, og noko ekstra kostnader må framleis påreknast.

Rådmannen har siden 2014 arbeidd med å forankra **folkehelsearbeidet** på alle nivå i organisasjonen. Fylkesmannen har i tilsyn funne at måten Radøy tenkjer folkehelse er innafor dei føringar som ligg til grunn. Vi driv godt, men nøkternt.

Samhandlingsreforma vart innført frå 1. januar 2012. Ein ser ei utvikling der det kjem fleire og sjukare pasientar frå sjukehusa. Spesialisthelsetenesta overfører pasientar tidlegare enn før, og pasientane er svakare enn tidlegare. Dette aukar press på kommunen sine tenester knytt til korttids plassar ved Velferdssenteret og heimebehandling i regi av Heimetenesta. Sjukeheimsbehov må utgreiast og tiltak må vera på plass til ca 2020. Arbeidet startar i 2016. Her bør ein og vurderer permanent plass/areal til dagpasientar som i dag blir ivaretatt av Heimetenesta. Kapasiteten ved Velferdssenteret varierer, men stort sett klarar institusjonen å ivareta dei aller sjukaste i kommunen, med minimal ekstra sjukehusopphald. Til no har Radøy kommune hatt minimale utgifter til liggedøgn, pr nov. 2015 kr 21.275,-.

Velferdssenteret tek i mot stadig fleire korttidspasientar, mange utskrivne frå sjukehus. Dette stiller store krav til kompetanse og oppfølging innan tenesteområde. Mange korttidspasientar legg økonomisk press på Velferdssenteret, mellom anna fordi eigenbetalinga er mykje lågare for korttidspasientar enn langtidspasientar. Kapasiteten ved Velferdssenteret er tidvis nær sprengd, og det er behov for å auka talet på plassar. Ei bekymring er rekruttering av kvalifisert personale i tida framover. Tal pasientar som vert handtert og vurdert er nær dobla sidan 2012.



Heimetenesta leverer, som namnet seier, tenester til heimebuande, medrekna dei som bur i omsorgsbustader. Ei effekt av samhandlingsreforma er fleire pasienter tidlegare tilbake til kommunane. Dei sjukaste er innom Velferdssenteret, men ein stor del går rett til heimetenesta. Ei annan endring er meir komplekse problemstillingar og krevjande brukarar. Det vert fleire heimebesøk og utgreingar, aktiviteten aukar kraftig, men blir handtert innan ei gitt ramme av personale og økonomi. Også dagtilbodet er ein del av heimetenesta. Det er etablert dagtilbod i mellombels lokale. Desse bør vidareutviklast, og vera del av planarbeidet i 2016.



Omsut (tidlegare BF-tenesta)

Omsut «teneste for omsorg og utvikling». Tilboda eininga gir er i all hovudsak retta mot einskildbrukarar, og er gitt etter individuelle vedtak. Slike vedtak vil gjelda så lenge brukaren sin tilstand ikkje endrar seg. Det er teke i bruk medlevarturnus i tenester retta mot nokre brukarar. Tenesteområde har fått tilførd ein ny svært ressurskrevjande brukar i 2014. Budsjett 2016 er auka då dette var sett for lågt i 2015. Dette er ei teknisk justering og ikkje ein auke i aktivitet. Det er ikkje auka satsing på Omsut i 2016, men arbeid for vidare utvikling av bustadtilbod og behov for ytterlegare bustader bør vurderast. Dette arbeidet bør starta i 2016 og sjåast i samheng med sjukeheim og dagplass-utgreiing.

Det er planlagt å utgreia behovet for fleire bustader knytt til Omsut og utviding av Velferdssenteret. Her bør ein og sjå på mogleigheit for dagplassar og korttidsplassar.

Radøy kommune er medeigar i Aufera A/S. Aufera driv frå juni 2015 med VTA-plassar (varig tilrettelagd arbeid). Plassar for arbeidspraksis gjennom

NAV er flytta ut av kommunen til større einingar iht nye krav frå NAV sentralt. Kjøkken er lagd ned, og det er fokus på framleis drift i vaskeri og vaktmeister/trearbeid-avdelinga.

Kostnadene i **barnevernet** har gått ned dei siste åra, som følgje av betre oversyn og kvalitetssikring av tenesene, og tiltak har god styring og målretting. Dette er ei svært gledeleg utvikling, og rådmannen er godt nøgd med arbeidet som vert gjort i barnevernet. Det blir arbeid vidare med intern organisering med auka fokus på førebyggjande arbeid.

Det er stor pågang på tenester innafør **psykisk helse**, det er mange brukarar. Det kjem fram eit aukande behov for gruppa under 18 år, og ein ser tendensar til ein auke knytt til rusproblematikk. Kommunepsykolog vart tilsett i 2015 og vil prioritera arbeid med barn og unge. Det blir planlagt nye aktivitetstiltak som ein ønskjer sett i verk i 2016. Det er og viktig med godt


samarbeid med NAV.

Radøy interkommunale busenter (RIB) vart etablert for å gje tilbud til personar utskrivne frå Helse Bergen sine institusjonar. Radøy fyller fire plassar, to plassar vert nytta av Bergen og Vik. Osterøy går ut av avtalen. Det er ein gjesteplass frå Gulen kommune. Det vert arbeid for å få inn nye brukarar i RIB.


Radøy Matsørvis leverer som alltid god mat og gode økonomiske resultat.

Radøy kommune er med i Norsk Helsenett. Dette er eit lukka helsenett som mellom anna nyttast til elektronisk meldingsutveksling og naudnett. Nytt naudnett vart testa og starta opp i 2015 og vert tilgjengeleg frå 2016. Satsing på fiber i kommunen gir rom for å auka samarbeid i NH om ny velferdsteknologi som kan gi støtte til heimebuande med tenester frå kommunen og heimetenesta.

Nto driftsutg sosialteneste pr innb 20-66 år



Barnevern - netto driftsutg. pr barn aldersgr. 0 - 16 år



Drift og forvaltning

Teknisk drift er den største tenesta i sektoren Drift og forvaltning, målt både i tal på tilsette, mangfald i oppgåver og økonomisk ramme. Teknisk drift har ansvar for VA-området, samt å drifte og vedlikehalde bygg og anlegg, vegar og grøntareal i kommunen. Midlar til verdi-bevarande vedlikehald har over tid lagt godt under normtala, slik at eingongstilskot til vedlikehald gjennom statsbudsjettet, gir eit kjærkomme bidrag til vedlikehaldspotten. Utover dette, er den store auken i ramma til teknisk drift i all hovudsak knytt til reinhaldstenesta, og skuldast ikkje utvida drift i tenestene i 2016.

Ein sentralisert vaktmeisterstab leverer gode tenester innafor ei knapp ressursramme i Radøy kommune. Det er derfor ei prioritert oppgåve å fortsetje arbeidet med å systematisere data om eigedoms-massen og framskaffe god styringsinformasjon om både bygg og VA-anlegg. Innkjøp av internkontroll-systema NORIK og IK Bygg i 2015, har gitt driftsavdelinga viktige verktyø i så måte, og det er ei prioritert oppgåve å implementere desse i 2016. Styringsinformasjon frå systema vil også kunne gi politikarane eit betre prioriteringsgrunnlag, både for drift og investeringar i tida som kjem.

Trass i at Radøy i 2014 fekk prisen for å vere Noregs beste kommune på fornying av vassleidningar, er det framleis eit vesentleg etterslep på dette området. På driftsområdet gjeld det å fortsetje arbeidet med godt verdibevarande vedlikehald, slik at ein sikrar god og trygg vassdistribusjon i kommunen. Prosjektet med å kartlegge og lage ei digitalisert oversikt over leidningsnett i kommunen held fram, det same gjer prosjektet med å kartlegge tilknytting til offentleg leidningsnett, med formål å auke tilknytingsgraden til det offentlege vassverket. Utfordringane er mykje like på avlaupsnett, og ny hovudplan for vatn og avlaup er under arbeid.

Når det gjeld **reinhaldstenesta**, viser budsjettframlegget ein vesentleg auke i 2016. Veksten er ikkje eit resultat av at drifta er utvida, men ei tilpassing av den økonomiske ramma til faktisk drift på 2015-nivå. Ei gradvis omorganisering av reinhaldstenesta dei siste åra, som m.a. innebar å trekke ut reinhaldskostnader og personell frå dei einskilde tenestene og samle dei i ei reinhaldsteneste, har


bidrege til å synleggjera kostnader, samstundes som at 2015-budsjettet er budsjettert for lågt. Dette har vore signalisert til politisk nivå ved fleire høve i 2015.

Omorganiseringa har gitt fleire positive effektar, slik intensjonen var. Gjennom å samle alle reinhaldarane i ei teneste, har kvaliteten på reinhaldet vorte betre, ein har fått sett fokus på dei positive sidene ved å arbeide i team, gitt auka fleksibilitet i bruk av reinhaldarane ved sjukefråvær mm. I året som kjem er det ei prioritert oppgåve å fortsetje arbeidet for redusert sjukefråvær. Mens ein i 2015 har arbeidd med psykososiale tiltak, vil ein i 2016 ha fokus på å førebyggje sjukefråvær gjennom opplæring i arbeidsteknikkar og auka bruk av maskinar i reinhaldsarbeidet. Det er sett av midlar til innkjøp av maskinar i investeringsbudsjettet, og ein vil samstundes søkje NAV om tilskotsmidlar til slike innkjøp. Gjennom å etablere samarbeidsarenaer for brukarane av bygga, teknisk drift og

på plass så snart som råd i 2016. På planområdet er arbeidet med områdeplanen for Bøvågen ei prioritert oppgåve, saman med handsaming av private reguleringsplanar. I juli 2015 trådde endringane i plan- og bygningslova i kraft, og det kom nye kortare fristar for sakshandsaming. For å tilpasse sakshandsaminga til dei nye tidsfristane vil rådmannen i samsvar med delegasjonsreglementet legge fram notat om arbeidsdeling mellom administrasjonen og Hovudutval for plan, landbruk og teknisk. Etter fleire år med lite tilsynsaktivitet og oppfølging av ulovlege tiltak, er det eit mål å auke aktiviteten på dette området i 2016. Det skal gjennomførast brukarundersøking for plan- og byggesaker i 2016.

Auken i budsjettet til **Radøy brannvern** skuldast ikkje at drifta vert utvida i 2016, men er m.a. ei tilpassing til endringar i særavtale for avlønning av brannmannskap, som ikkje var tilstrekkeleg fanga opp i budsjettet for 2015. Vidare fører overgangen til nytt nødnett, TETRA, til

Netto kostnader til brannvern pr innb.



reinhald, er det eit mål at tenestene skal gjere kvarandre gode og sjå bygget i ein heilskap, og på den måten skape resultat til beste for brukarane og bygga.

Statistikken for 2015 viser at **Teknisk forvaltning** har stor produktivitet og leverer plan- og byggesakstenester med høg kvalitet. Ein mindre auke i budsjettet skuldast i hovudsak auka kostander til programvarelisensar, samt kommunen sin del i arbeid med oppdatering av offentlege kart. Det vert jobba med å få på plass ny planrådgvjar i den vakante planrådgvjarstillinga, og rådmannen vurderer det som svært viktig å få denne

ein kostnadsauke på om lag kr 120 000 pr. år, samt behov for kjøp av utstyr. Tilskot til IUA (interkommunalt utvalg mot akutt forurensning) på om lag kr 50 000 er overført frå ansvar 6800 til 6500. I følgje KOSTRA-tala har Radøy kommune lågare netto driftsutgifter pr. innbyggjarar til beredskap mot brann og ulykker enn både kommunegruppa og landsgjennomsnittet forøvrig (2012-2014). Brannvernet har dei siste åra fått auka midlar til brannvernustyr, ventar ny brannbil og er tilfredsstillande rusta til brann- og redningsoppdrag i kommunen. Brannstudien som vart publisert i 2015 vil bli følgt opp med naudsynte tiltak i året som kjem.

Med unntak av kulturdagane, er det ikkje planlagt aktiviteter utover **Kultur og sørvistorget (KST)** sine kjerneoppgåver i året som kjem. KST vil halde fram det gode arbeidet som vert gjort både på sørvis, postmottak og arkiv, og ikkje minst på kulturområdet. Arbeidet med å få på plass oppdatert planverk på kulturområdet vil fortsetje inn i 2016. KST har dei siste åra uttrykt bekymring for etterslep på handtering av eldre arkivmateriale, men etter rådmannen si vurdering er dette ei oppgåve som ikkje kan prioriterast i eit år med stram økonomi. Budsjettauken skuldast i hovudsak korrigerings av lønskostnader og midlar til inventar på KST, auka utbetaling til Interkommunalt Arkiv Hordaland IKS (IKAH) og midlar til

kulturdagane 2016.

I første del av 2016 vil ein vesentleg del av ressursane ved **Løn- og rekneskaps-senteret** gå til arbeid med å implementere nye VISMA-modular, kartlegge arbeidsprosessar for å finne beste praksis og førebu ei eventuell samanslåing av løn- og rekneskapsavdelingane i kommunane Radøy, Lindås og Meland. Reduksjonen i kostnadane til Løn- og rekneskaps-senteret skuldast at lisensen til VISMA Enterprise er overført til eit fellesområde under rådmannen, som følgje av at dette er ein modul som vert nytta på alle tenesteområde.

Biblioteket er ei lita, men viktig teneste i Radøy kommune. Tenesta vil fortsetje satsinga på å tilpasse tenestetilbodet

til dei endra rammebetingelsene som m.a digitaliseringa fører med seg, samt å satse vidare på biblioteket som møteplass for debatt og kulturopplevingar. Det er ingen vesentleg endring i dei økonomiske rammene for biblioteket, sjølv om rådmannen ser at dagens rammer er knapp mtp. utvikling av tenestene.

Frivilligsentralen har framleis fokus på utkjøring av middag og aktiviteter for eldre i kommunen. Det er ikkje lagt opp til vesentlege endringar i budsjettet.

Det er ikkje budsjettert med vekst i det kommunale tilskotet til **Radøy sokn**. Det er lagt inn ei mindre auke i overføringa, men dette er ei justering av tilskot til trdomssamfunn.

Endringar etter handsaming i formannskap og kommunestyre

Endringar iht rådmannen sitt budsjettframlegg:

- Tilskot til Hordabø idrettslag, kunstgrasbane: 40.000,-. Dersom private eller idrettslaget sjølv fullfinansierer anlegget, fell tilskotet bort frå det tidspunktet.
- Tilskot til Radøy skyttarlag: Fylkeskommunen set som vilkår for at spelemiddel-søknader skal gå raskt gjennom, at kommunen går inn med minimum 5%. Radøy gjev tilsagn om kr 75.000,- i støtte i 2016.
- Støtte til trusoppplæring i kyrkja. Aukast med kr 50.000 i 2016.
- Kommunestyret vil setja i gong utgreiing av og ta i bruk omsorgsteknologi, og løyver kr 100.000.

Inndekking:

- Feilbudsjettert NH Digi kr 60.000,-
- Nedtrekk på konto 400 med kr 50.000,- adm. teknisk forvaltning.
- Nedtrekk på konto 6120 Reinhold med kr 200.000,-

Tilleggspunkt til budsjettet:

- Jordmortenesta. Kommunestyret bed om orientering om jordmortenesta våren 2016, og vil vurdere løyvingane til tenesta i revidert budsjett.
- Næringstilretteleggjing og bustadutvikling. Kommunestyret bed rådmannen utarbeida sak om korleis Radøy best får auka innsats på næringstilretteleggjing (også turisme, camping/bubilfasilitetar) og bustadutvikling. Dette skal sjåast i samanheng med Fylkeskommunal plan for areal og transport i Bergensregionen, BRBs strategiske næringsplan, interkommunal nærings- og samfunnsplan m.m. Løyving vert vurdert ved revidert budsjett.
- Planarbeid fylkesveggar. Kommunestyret

ber rådmannen søkja fylkeskommunen om støtte til å starta planarbeid for oppgradering av fylkesvegane Soltveit – Bøvågen – Manger – Namtveit. Dette gjeld også TS-tiltak/punktutbetringar på fylkesvegane.

- Dagtilbod. Kommunestyret bed om ei orientering om dagtilbodet for eldre og for demente, og vil vurdere løyving i revidert budsjett.
- NAV-sosial. Kommunestyret bed rådmannen om sak på korleis redusere tal brukarar og utbetalingar på NAV-sosial ved hjelp av aktivitetsplikt m.m. Kommunestyret har merka seg at fellesnemnaren ved dei kommunane som får til å redusjon i sosialstøtta er at dei gjer veldig aktive tiltak for særleg å følgje opp unge, og generelt få menneske raskt ut av sosialstøtte.
- Redusert sjukefråvæere. Kommunestyret er positiv til sjukefråvæerprosjektet, men meiner dette bør organiserast som trepartssamarbeid. Prosjektet må setja mål for redusert sjukefråvæer, og tiltaka må følgja av målsetjinga.
- VUS. Kommunestyret bed om orientering frå MUHO om drift og finansiering av VUS.
- Skulehelsetenesta. Kommunestyret vil styrkja skulehelsetenesta, og ber rådmannen utarbeida sak/plan for dette. Kommunestyret er opptatt av godt samvirke mellom tenesteområda for å oppnå best mogleg tenester. Styrking av skulehelsetenesta kan sjåast i samanheng ved busetjing av fleire unge flyktningar.
- Plangruppe barnehage. Kommunestyret vil stoppa «lekkasjen» av barnehageborn til nabokommunane ved å auka barnehagetilbodet i kommunen. Det vert sett ned ei plan-

gruppe som vurderer løysingar for korleis særleg Sæbø barnehage kan ta imot fleire born, som i dag har plass i andre kommunar.

- Kommunestyret ønskjer at skiljeveggjar i dusjane ved ungdomsskulen vert vurdert. Ungdomsråd og elevråd må ha ei rolle i iutgreiingsarbeidet.
- Kommunestyret vil ha ei sak på status og behov for ladepunkt, støtteordningar og tenleg vidare tilretteleggjing for miljøvenlege bilar, som ladepunkt for el-bilar, hydrogenbilar m.m.
- Kommunestyret set ned ei plangruppe for utarbeiding av kvalitetsplan for SFO. Her kan det innlemmast frivillige organisasjonar som t.d. korps, musikk, kyrkja og idrett.
- Kommunestyret vil ha ei sak på utviding av skuleskyssordninga, evt. endra løyving vert gjort i justert budsjett.

Tilleggspunkt etter handsaming i kommunestyret:

Rådmannen vert beden om å vurdere ulike modellar for OPS (offentleg – privat samarbeid), som til dømes Hamarøy-modellen, med sikte på bygging av fleire leilegheiter for bustadssosiale føremål, samt leilegheiter til utleige for unge.

Det vert lagt til grunn at arbeidet med turs-tiar held fram med kommunen som koordinator, og at ein hjelper lag og organisasjonar med utarbeiding av søknader om tilskot. Kommunestyret ber om ei orientering om dagtilbodet for eldre og for demente, og vil vurdere løyving i revidert budsjett. Det vert i tillegg sett ned ei plangruppe som arbeider med oppgåver knytt til framtidige tilbod for heimebuande personar med demens.

Prisauke 2016

I statsbudsjettet er det lagt til grunn ein prisindikator på 2,7%. Rådmannen går likevel inn for at dei fleste gebyra ikkje vert auka i 2016. Gebyr for tekniske tenester, dvs byggesak, plan og oppmåling går fram av eige vedtak.

Husleiger i kommunale bustader vert regulert etter individuell avtale, i samsvar med husleigelova.

Eigenbetaling for helse- og omsorgstenester vert auka i samsvar med departementet sine til ei kvar tid gjeldande satsar. Nye satsar for 2016 vert vedtekne i desember 2015. For inntekter ut over 2G vert satsane auka med prisindikatoren, dvs 2,7%. For mat, medrekna fullpensjon og mat på dagsenter, vert prisane ikkje justert i 2016. Pris for tryggingalarm vert heller ikkje auka.

Satsane for musikk- og kulturskulen vert ikkje auka. Leigesatsane for bruk av Radøyhallen vert heller ikkje justert. For utleige av Radøyhallen til private leigetakarar og lag/organisasjonar utanfor Radøy kommune, får rådmannen fullmakt til å fastsetja leigesatsane. Det vert ikkje auka i leigesatsen for skytebanane.

Gebyra for renovasjon og slam vart fastsett i samsvar med vedtak i representantskapen i NGIR i møte 26.10.2015. For 2016 blir det ein auke på gjennomsnittleg 4,8% i renovasjonsgebyra. Slamgebyr har vore uendra i ei årrekke, men vert for 2016 auka med om lag 10%.

Vass- og avløpsgebyr vert føreslege uendra i høve til 2015. Det er dei siste åra bygd opp utjamningsfond på VA-områda:

Utjamningsfond vatn	2.882.083
Utjamningsfond avlaup	2.529.180
Utjamningsfond slam	296.898

Feiegebyret har stått uendra i fleire år, og sjølvkostkalkyle for 2014 syner at kommunen har subsidiert feinga. Rådmannen går difor inn for å auka feiegebyret med 10% i 2016.

Gebyrsatsar og eigenbetaling 2016

Alle gebyr er medrekna mva.

	2015	2016
Radøy kultur- og musikkskule		
Instrumentalkurs/vokalkurs	1.443,-	1.443,-
Aspirantkurs, musikkbarnehage, kunst/drama	1.443,-	1.443,-
Sal av timar til lag (pr time á 45 min.)	253,-	253,-
Søskenmoderasjon er 25%. Det vert betalt full pris for det dyraste kurset		

Barnehage		
Foreldrebetaling i barnehage følgjer dei til ei kvar tid gjeldande maksimalsatsane fastsett av staten. Søskenmoderasjon er 30%, og evt 50% frå og med tredje barn		
Matpengar, pr måned, full plass	328,-	337,-

SFO-satsane vert frå 2016 fastsett i høve til gjeldane maksimalprisar for barnehage, fastsett av staten.		
Over 15 t/veke	2.505,-	100%
Inntil 15 t/veke	2.110,-	84%
Inntil 10 t/veke	1.630,-	65%
Prisar for mat vert fastsett lokalt i kvart SFO.		
Søskenmoderasjon er 30% evt 50% frå og med tredje barn.		

Radøyhallen - lag og organisasjonar som høyrer heime i Radøy		
Leige av idrettshall/symjehall (lag/org i Radøy)	260,-/time	260,-/time
Leige 1/4 idrettshall	100,-/time	100,-/time
Leige av terapibasseng (lag/org i Radøy)	220,-/time	220,-/time
Leige både idretts- og symjehall	370,-/time	370,-/time
Leige idretts- eller symjehall, heil dag	1.560,-	1.560,-
Leige av både idretts- og symjehall, heil dag	2.200,-	2.200,-
Leige ungdommens hus, dag/helg	560,-/1120,-	560,-/1120,-

Klippekort symjebasseng - 20 x born, 10 x vaksne	400,-	400,-
Klippekort symjebasseng - 10 x born, 5 x vaksne	200,-	200,-
Enkeltbillett vaksne	60,-	60,-
Enkeltbillett born	30,-	30,-
Born under 5 år gratis i følgje med vaksne		
Klippekort terapibasseng - 5 klipp	280,-	280,-
Enkeltbillett terapibasseng born/vaksne	70,-	70,-
Born under 3 år gratis i følgje med vaksne		

Sæbø skule - fleirbrukshallen		
Leige hall for org. i kommunen, born og unge	Gratis	Gratis
Leige hall for org. i kommunen, vaksne	127,-/time	127,-/time
Leige hall for organisasjonar utanfor kommunen	253,- /time	253,-/time
Aktivitetar i privat regi	253,- /time	253,-/time
Utleige kantine til private føremål, inkl inv/utstyr	1.090,-/dag	1.090,-/dag
Utleige kantine til private føremål, utan inv/utstyr	550,- /dag	550,-/dag
Reinhold kjem i tillegg dersom leigetakar ikkje ordnar dette sjølv		

Gymsalar i skulane		
Aktivitetar i privat regi og lag og organisasjonar utanfor kommunen	172,- /time	172,-/time

Gebyrsatsar og eigenbetaling 2016

Alle gebyr er medrekna mva.

Renovasjon	2015			2016		
	Rabatt/ tillegg	Utan heimekomp.	Med heimekomp.	Rabatt/ tillegg	Utan heimekomp.	Med heimekomp.
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	-400,-	3.150,-	2.650,-	- 400,-	3.320,-	2.850,-
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	-	3.550,-	3.050,-	-	3.720,-	3.220,-
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	+400,-	3.950,-	3.450,-	+ 400,-	4.120,-	3.620,-
Hytterrenovasjon		1.725,-			1.860,-	

Vatn- avløp- og slamgebyr	Inntil 90 m ²	Over 90m ²	Inntil 90 m ²	Over 90m ²
Årsgebyr vatn	2.090,-	3.920,-	2.090,-	3.920,-
Årsgebyr avløp	2.155,-	3.958,-	2.155,-	3.958,-
Årsgebyr vatn - Forsamlingshus med mindre bruksfrekvens		933,-		933,-
Vassforbruk etter målar (pr m ³)		15,51		15,51
Administrasjonsgebyr vassmålar		125,-		125,-
Gebyr for brønnfylling, i tillegg til pris pr m ³		400,-		400,-
Tilknytingsgebyr vatn		18.375,-		18.375,-
Årsgebyr avløp - Forsamlingshus med mindre bruksfrekvens		942,-		942,-
Avløp - forbruk etter målar (pr m ³)		15,41		15,41
Tilknytingsgebyr avløp		19.875,-		19.875,-
Slamgebyr		950,-		1.050,-

Feiing/branntilsynsgebyr	434,-	477,-
Feiing, timeoppdrag, minimum 2t	335,-/t	365,-/t

Eigenbetaling pleie og omsorg				
Tenester ut over primærtjeneste og vaktmeistertjenester		317,- pr time		317,-/time
Mat til heimebuande	Liten porsj. kr 62,-	Stor porsj. kr 71,-	Liten porsj. kr ,-	Stor porsj. kr 72,-
- transport av mat		6,- pr porsjon		6,- pr porsjon
Opphald i dag/aktivitetssenter, inkl mat og transport		128,- pr dag		129,- pr dag
Tryggleiksalarm. (Pris gjeld berre ved bruk av eksisterande analog line til abonnent. For alarm med varsling via mobiltelefon gjeld eigne satsar)		294,- pr mnd		294,- pr mnd
Dagopphald i institusjon (kan bli endra etter vedtak i Helse- og omsorgsdepartementet)		77,- pr dag	Oppdatert med nye satsar pr 1.1.2016	80,- pr dag
Korttidsopphald i institusjon, inntil 60 døger pr år		147,- pr døger		150,- pr døger

Eigenbetaling praktisk bistand, herunder heimehjelp				
G-trinn	Timepris	Maks pr måned	Timepris	Maks pr måned
Inntil 2G (ny sats pr 1.1.2016)	186,-	186,-	186,-	190,-
2-3G	186,-	819,-	191,-	841,-
3-4G	229,-	1.276,-	235,-	1.310,-
4-5G	288,-	1.728,-	295,-	1.774,-
Over 5G	398,-	2.082,-	408,-	2.138,-

Radøy kommunestyre skal godkjenne Radøy sokneråd sine vedtak om festeavgifter for graver. Avgiftene er vedtekne slik:

	2015	2016
Feste av grav pr år (inntil 60 år)	220	300
Feste av grav pr år (over 60 år)	440	600
Feste av særskilt grav (20 år)	4 400	6 000

Investering – skjema 2A og 2B

Rådmannen legg i 2016 opp til investeringar i anleggsmidlar på 34.850.000, startlån kr 3.000.000 og kjøp av andelar i KLP kr 850.000,- Samla sett er dette etter måten ekspansivt i høve til kommunen sin økonomiske situasjon. Rådmannen ser likevel at eit såpass høgt investeringsnivå må til for å møte politiske ønskje og forventningar frå mange hald.

Rådmannen legg opp til å finansiera det aller meste av investeringane gjennom låneopptak. Det er likevel ikkje råd å finansiera kjøp av andelar i KLP med låneopptak, og rådmannen rår difor til at denne investeringa vert finansiert gjennom bruk av ubundne investeringsfond, i mangel på andre inntekter i investeringsrekneskapen.

Ein del av investeringsprosjekta er i realiteten rebudsjettering av prosjekt som anten er utsett eller som kom i gong seint i 2015. Dette fører til at det vil stå att unytta lånemidlar frå 2015 som kan nyttast i 2016. Rådmannen legg til grunn at det vil vera om lag 17 mill i unytta lånemidlar ved årsskiftet. Det vert såleis trong for å ta opp nye lån i 2016 på 15,7 mill.

Rådmannen rår kommunestyret til å ta opp nye lån til investering i anleggsmidlar med kr 15.700.000,-, og nye lån til vidareutlån med kr 3.000.000. Låneopptak skal gjerast i samsvar med gjeldande finansreglement for Radøy kommune.

Arbeidet med stabilisering av **kyrkja på Manger** har etter anbudsprosess vist seg å verte langt dyrare enn forutsatt. Radøy sokn har ikkje lukkast i å framskaffe alternative finansieringskilder, og rådmannen rår til at det vert løyvd 7,5 mill til dette arbeidet.

Det er dei siste åra gjort omfattande oppgradering av **Radøyhallen**, både av basseng og golvet i hallen, og anlegget står no fram som eit godt og moderne idrettsanlegg for innbyggjarane i Radøy. Det gjenstår framleis nokre mindre oppgraderingar, og rådmannen rår til at det vert løyvd kr 200 000 til oppgradering av fasaden på bygget. Vidare er mangelpå lagerplass

ei utfordring, og rådmannen rår til at det vert løyvd kr 100.000 for å få på plass ei lagerordning på utsida av bygget.

Av den samla kostnaden til IKT Nordhordland er det ein del som kan førast i investeringsrekneskapen. For 2016 er kostnaden basert på eit overslag ut frå investeringsplanane IKT Nh har.

Rådmannen ønskjer ei ramme til **mindre investeringar** på 1,5 mill. som rådmannen får fullmakt til å disponera. Dette gir høve til å møte utføresette hendingar som oppstår gjennom året, og som ofte krev raske avgjerder.

Prestmarka barnehage har over ei lengre periode hatt problem med overvatn på barnehagen sitt uteområde, noko som gjer deler av området ubrukeleg i dårleg vêr. Rådmannen rår til at det vert løyvd kr 150.000 til drenering av uteområdet.

Turveg på Manger kom inn i 2015-budsjettet. Det har pågått planlegging og førebuing av trase og anbudsgrunnlag, men det fysiske arbeidet har ikkje starta opp. I budsjettet for 2015 vart det lagt opp til at spelemidlar skulle dekke 50 % av kostnadene. Det kan ta fleire år før spelemidlar blir utbetalt, og kommunen må då forskottere denne summen. Anbudsprosessen ikkje er ferdig, og det er vanskeleg å budsjettere rett kostnad for 2016-budsjettet. Rådmannen rår til at det vert løyvd kr 2.000.000 til prosjektet, og at administrasjonen legg fram saka på nytt for kommunestyret, dersom den økonomiske ramma viser seg å være for lita.

Basert på behovsvurdering, pågår det ei kontinuerleg **utskifting av bilar** i kommunen. Fleire tenester har meldt inn behov for å gjere utskifting i bilparken. Rådmannen rår til at det vert løyvd kr 500.000 til utskifting av bilar i 2016.

Rådmannen rår til at det vert sett av kr 500 000 til **branntekniske oppgraderingar** ved dei kommunale bygga.

Som i mange andre kommunar, har sjukefråværet i reinhaldstenesta vore

relativt høgt over tid. Både for å betre kvaliteten på reinhaldet og for å førebyggje sjukefråvæer blant reinhaldarane, ønskjer rådmannen å investere i **reinhaldsmaskiner** for fleire av bygga. Rådmannen rår til at det vert løyvd kr 100.000 til dette føremålet. Det vert også søkt tilskot frå NAV.

Dei siste åra har det vore gjennomført ei systematisk utskifting av **brannvernustyr** i Radøy brannvern. Dette har vore ei naudsynt prioritering, og rådmannen legg opp til at det også i 2016 vert løyvd kr 100.000 til dette føremålet.

Rådmannen rår til at prosjektet **oppgradering av kommunale vegar** vert vidareført med kr 1.500.000 også i 2016.

Områdeplanen for Bø er ikkje vedteken i 2015, og rådmannen rår derfor til at prosjektet «nærmiljøtiltak på Bø» vert rebudsjettert med kr 3.000.000 i 2016. Dette føreset at det såkalla Bøhuset vert rive først i 2016. Det er ikkje avklåra om huset likevel blir rive i 2015. I så fall kan kostnaden i 2016 blir lågare enn kr 3 mill.

Kommunen har fleire **kommunale kaia** som er i dårleg stand. Kaien på Straume er ei av desse som fekk hard medfart og vart øydelagd under orkanen som herja i vinter. Rådmannen rår til at det vert løyvd kr 300 000 til dette arbeidet.

Ny reguleringsplan for **Olsvollstranda industriområde** er vedtatt og området er under utvikling. Rådmannen kjenner ikkje til at det ligg føre konkrete planar om tiltak, og gjer framlegg om at eventuelle mindre tiltak vert finansiert over posten mindre investeringar.

Ny hovudplan for vatn og avlaup er under arbeid. Innspela i budsjettet er såleis basert på framlegg til ny kommunedelplan for vatn og avlaup for perioden 2016-2019. Når det gjeld det planlagte **reinseanlegget på Manger**, som har vore planlagt og på anbod i 2015, er det rådmannen si vurdering at kostnaden viser seg å bli så høg at det er naudsynt sjå på alternativ løysing til lågare kostnad. Investering på avløpssektoren vert derfor avgrensa til sane-

ring av avløpsleidningar i Mangersvågen og utskifting av avløpsleidningar, som er tenkt som ei kontinuerleg prosess framover.

Når det gjeld **vatn**, legg framlegg til ny plan opp til ei investering på 6.300.000 kr, som skal dekke utbygging av vassbasseng på Haukåsen for å styrke forsyningstryggleiken i Austebygd-området og sanering av gammelt ledningsnett på Manger. Resten er budsjettert til årleg arbeid med rehabilitering av vasskummer og ledningsnett, og utviding av driftskontrollsystem.

Rådmannen rår til at det vert sett av kr 200.000 til finansiering av mindre tiltak i samsvar med **trafikksikringsplanen**, t.d veglys på skuleveg.

Oppvekst

I investeringsbudsjettet har rådmannen foreslått kr 300.000 til innkjøp av **elektroniske tavler på ungdomskulen**, noko barneskulane allereie har

i større eller mindre grad. Det er av pedagogiske grunnar viktig at dette kjem på plass på ungdomsskulen, då elevane allereie er vane med å bruke slike tavler på barneskulen, og slike tavler vert også brukt på vidaregåande skule.

I tillegg foreslår rådmannen 2,5 mill i investeringsmidlar til rehabilitering/oppussing av **garderobeanlegget og gymsalen på Manger skule** i 2016. Av økonomiske grunnar vart dette ikkje gjort samstundes som rehabiliteringa av skulebygget. Bygging av heilt ny og større gymsal er estimert til å koste mellom 12 og 14 mill kroner, noko det er vanskeleg å finne rom til i økonomiplanperioden.

For barnehagane er det i investeringsbudsjettet for 2016 lagt opp til å begynne på arbeidet med å planleggje/prosjekttere ny **barnehage på Bø**. Bygging av ny barnehage vil i så fall kunne utførast i 2017. Det bør og vurderast om det skal opprettast små-

barnsavdeling på Austebygd, då dette er einaste barnehagen i kommunen som ikkje har småbarnsavdeling. Dette kan gjerast med eit enkelt påbygg på eksisterande barnehage/gymsal. Utbygginga er foreslått utført i 2018.

Helse og Omsorg

Innan Helse og omsorg vil rådmannen i 2016 prioritere utredning og vurdering av nye sjukeheimplassar, herunder eventuell ny sjukeheim som alternativ til utvikling av dagens Velferdssenter. I denne samanheng vil ein og vurderer auka behov i Omsut for nye bustader. Sjukeheimsplan må inkludera ny løysing for dagsenteret. I påvente av denne utrgeiing er det ikkje lagt opp til ytterlegare oppgradering i sektor Helse og Omsorg i 2016.

Det er lagt inn midlar til **kjøp av bustad** for å handtere bustadtilbod som ikkje vert handtert i institusjon. Det foreslåas at det gis rom for kjøp av ein ny bustad kvart år framover.

Tilleggspunkt etter handsaming i formannskapet

- Nr 6764001 Trafikksikring. Nytt fortau på Nordbø jfr reguleringsplan om «Hordabøheimen» er strakstiltak og skal igangsetjast umiddelbart.
- Nr 2130005, Manger skule. Det vert sett ned ei hurtigarbeidande plangruppe inkl politisk deltaking før investeringsoppstart. Kommunestyret viser til at det er tinga ei utgreiing av ulike alternativ for vidare utbygging ved Manger skule i to år, utan at dette er initiert.
- Nr 4800101, 4800102 og 4800103. Turvegar. Kommunestyret vil at alle tre prosjekta vert vurderte innan fellespott på kr 2.000.000,- i 2016. Kommunestyret er uroa for kostnadsauken i 4800103, og ber om ei sak med totalvurdering av kostnader for denne før iverksetjing.
- Nr 2712006. Ny barnehage Bø. Det vert sett ned plangruppe inkl politisk deltaking som sikrar behovsanalyse og kravspesifikasjon, og ulike måtar å byggja nye barnehagelokale i tråd med vedtatt kravspesifikasjon raskast og til lågast kostnader. Lokalisering i dagens område.
- Nr 6700003. Asfaltering av kommunale vegar. Løyvinga vert auka til 2 mill i 2016, og formannskapet skal ha plan

før asfaltering. Rådmannen vert tilrådd å innhenta pris i lågpris-sesongen.

- NR 6104003 Kommunale bustader. Budsjettposten vert stroken.
- Ny investering: Uteområde Sæbø skule. Skulen var ny i 2009, men uteområdet ber preg av å vera uferdig og lite freistande til uteaktivitetar, ein del av leikeapparata er slitne og lite tenlege. Investeringssum kr. 500 000,-
- Nr 1530012. Radøyhallen oppgradering: Tillegg lys uteområde: Kr 500.000,-
- Nr 1920001 Mindre investeringar aukast med kr 500.000. Hordabø skule vert vurdert.

Hovedoversikt investering

	Rekneskap 2014	Budsjett 2015 oppr	Budsjett 2015 just	Budsjett 2016
Sal av driftsmidler og fast eiendom	3 942 536	4 500 000	4 500 000	-
Andre salsinntekter	267 700	-	-	-
Overføringer med krav til motyting	732 681	-	-	-
Kompensasjon for meirverdiavgift	2 931 958	3 479 000	3 479 000	3 110 000
Sum inntekter	7 874 875	7 979 000	7 979 000	3 110 000
Lønsutgifter	652 377	-	-	-
Sosiale utgifter	208 541	-	-	-
Kjøp av varer og tenester som inngår i komm. ei	15 839 934	39 539 000	39 539 000	26 850 000
Kjøp av tenester som erstattar kommunal eigenp	-	-	-	-
Overføringer	3 960 365	3 250 000	3 250 000	7 500 000
Renteutgifter og omkostningar				
Sum utgifter	20 661 217	42 789 000	42 789 000	34 350 000
Avdragsutgifter	3 301 697	-	-	-
Utlån	3 333 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Kjøp av aksjar og andelar	937 443	800 000	800 000	850 000
Dekking av udekka frå tidlegare år	822 870	-	-	-
Avsett til ubunde investeringsfond				
Avsett til bundne fond				
Sum finansieringstransaksjonar	8 395 010	3 800 000	3 800 000	3 850 000
Trong for finansiering	21 181 352	38 610 000	38 610 000	35 090 000
Bruk av lån	15 896 673	38 610 000	38 610 000	34 240 000
Mottekne avdrag på utlån	3 323 080	-	-	-
Overføringer frå driftsrekneskapen	-	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	842 607	-	-	-
Bruk av ubundne investeringsfond	-	-	-	850 000
Bruk av bundne investeringfond	99 026	-	-	-
Sum finansiering	20 161 386	38 610 000	38 610 000	35 090 000
Udekka/udisponert	-1 019 966	-	-	-

Budsjettskjema 2A

	Rekneskap 2014	Budsjett 2015 oppr	Budsjett 2015 just	Budsjett 2016
Investeringar i anleggsmidler	20 661 217	42 789 000	42 789 000	34 350 000
Utlån og forskutteringar	3 333 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Avdrag på lån	937 443	800 000	800 000	850 000
Dekking av udekka frå tidlegare år	3 301 697	-	-	-
Avsetningar	822 870	-	-	-
Trong for finansiering i året	29 056 227	46 589 000	46 589 000	38 200 000
Bruk av lånemidler	15 896 673	38 610 000	38 610 000	34 240 000
Inntekter frå sal av anleggsmidler	3 942 536	4 500 000	4 500 000	-
Tilskot til investeringar	-	-	-	-
Kompensasjon for meirverdiavgift	2 931 958	3 479 000	3 479 000	3 110 000
Mottekne avdrag på utlån, refusjonar	4 055 761	-	-	-
Andre inntekter	267 700	-	-	-
Sum ekstern finansiering	27 094 627	46 589 000	46 589 000	37 350 000
Overført frå driftsrekneskapen	-	-	-	-
Bruk av avsetjingar	941 633	-	-	850 000
Sum finansiering	28 036 261	46 589 000	46 589 000	38 200 000
Udekka/udisponert	(1 019 966)	-	-	-

Investeringsbudsjett 2016

Budsjettskjema 2B		Rekneskap 2014	Budsjett 2015 oppr	Budsjett 2015 just	Budsjett 2016
1280001	Utskrifning av bilar	295 896	500 000	500 000	500 000
1438001	Olsvollstranda industriområde	642 755	500 000	500 000	-
1530012	Radøyhallen oppgradering 2015	-	1 475 000	1 475 000	-
1530014	Radøyhallen oppgrad fasade	-	-	-	200 000
1530015	Radøyhallen lager	-	-	-	100 000
1530016	Radøyhalle lys uteområde	-	-	-	500 000
1583001	Investering kyrkjer	250 000	3 250 000	3 250 000	7 500 000
1908045	IKT investering IKT Nh	1 060 588	314 000	314 000	400 000
1908101	Breiband infrastruktur	-	700 000	700 000	-
1920001	Mindre investeringar	206 250	500 000	500 000	2 000 000
2130004	Manger skule parkering og uteområde	-	1 000 000	1 000 000	-
2130005	Manger skule oppgrad garderobar	-	-	-	2 500 000
2140002	Sæbø skule uteområde	-	-	-	500 000
2190013	Radøy ungdomsskule uteområde	-	100 000	100 000	-
2190014	Radøy ungdomsskule elektroniske tavler	-	-	-	300 000
2712005	Bø barnehage uteområde	-	100 000	100 000	-
2712006	Bø barnehage nybygg	-	-	-	1 500 000
2713004	Prestmarka bh, drenering	-	-	-	150 000
3210006	Velferdssenteret utvendig oppgradering	1 107 567	1 000 000	1 000 000	-
3210007	Nye sjukeheimplassar	-	2 000 000	2 000 000	500 000
3220002	Heimetenesta - utvida lokale	-	3 200 000	3 200 000	-
4800101	Turstiar og friluftstiltak	-	200 000	200 000	-
4800102	Fosnstraumen - steinaldersti	-	100 000	100 000	-
4800103	Turveg/lysløype Manger	-	1 000 000	1 000 000	2 000 000
6000101	Lagerbygg Solendmyra	-	500 000	500 000	-
6000102	Oppgrad fasade teknisk stasjon	-	-	-	500 000
6103001	Helsehuset ombygging	-	1 500 000	1 500 000	-
6104002	Ombygging Grønålen	-	500 000	500 000	-
6110001	Universell utforming	-	150 000	150 000	-
6120002	Reinhaldsmaskiner	-	-	-	100 000
6190001	Branntekniske investeringar	1 184 304	1 000 000	1 000 000	500 000
6210006	Hovudleidning Lifjell - Manger	208 996	6 000 000	6 000 000	-
6210007	Basseng Haukåsen	-	-	-	2 100 000
6210008	Manger - Øvre Manger utskifting leidning	-	-	-	2 200 000
6210009	Vassverk oppgrad og utbetring	-	-	-	2 000 000
6310005	Hovudrenseanlegg Manger	-	9 000 000	9 000 000	-
6310006	Sanering Mangersvågen	-	-	-	2 200 000
6310007	Avløp fornying og utbetring	-	-	-	500 000
6510002	Brannvernustyr	159 239	100 000	100 000	100 000
6510003	Brannbil 2014	-	3 400 000	3 400 000	-
6700003	Asfaltering kommunale vegar	1 502 958	1 500 000	1 500 000	2 000 000
6700101	Nærmiljøtiltak Bø	-	3 000 000	3 000 000	3 000 000
6730001	Straume kai oppgradering	-	-	-	300 000
6764001	Trafikksikring	-	200 000	200 000	200 000
TOTALT		20 653 352	42 789 000	42 789 000	34 350 000

Skjemaet ovanfor er noko forkorta for å spare plass, slik at prosjekt som berre har tal i rekneskap 2014 er tekne ut. Det vert vist til rekneskapsdokument og årsmelding for 2014 for ytterlege informasjon.

Økonomiplan 2016 - 19

Økonomiplanen for perioden 2016 - 19 er i hovudsak ei vidareføring av aktivtetsnivået i 2016. Det er føresett tilskot til Radøy skyttarlag med kr 75.000 i åra 2017 - 2019, og til Hordabø idrettslag kunstgrasbana kr 40.000 i åra 2017-19.

Økonomiplan skjema 1A

	B 2015	B 2016	B2017	B2018	B2019
Skatt på formue og inntekt	(113 588 000)	(122 257 000)	(122 257 000)	(122 257 000)	(122 257 000)
Rammetilskot	(146 206 000)	(147 523 000)	(145 797 000)	(145 746 000)	(145 689 000)
Eigedomsskatt	(11 728 000)	(11 931 000)	(12 021 000)	(12 111 000)	(12 201 000)
Andre generelle statstilskot	(6 739 000)	(9 920 000)	(9 874 000)	(10 271 000)	(10 165 000)
Sum frie disponible inntekter	(278 261 000)	(291 631 000)	(289 949 000)	(290 385 000)	(290 312 000)
Renteinntekter og utbyte	(4 609 000)	(3 713 000)	(3 699 000)	(3 686 000)	(3 668 000)
Renteutgifter, provisjonar og andre fin:	5 800 000	5 482 000	5 832 000	6 115 000	6 324 000
Avdrag på lån iht låneoversyn	7 950 000	7 800 000	7 996 000	9 070 000	9 961 000
Netto finansinntekter/-utgifter	9 141 000	9 569 000	10 129 000	11 499 000	12 617 000
Til dekking av rekneskapsm. meirforbruk tidl. år					
Avsetjing til fond		20 000			
Bruk av fond	(1 766 000)	(636 000)	-		
Netto avsetjingar	(1 766 000)	(616 000)	-	-	-
Til fordeling drift	(270 886 000)	(282 678 000)	(279 820 000)	(278 886 000)	(277 695 000)
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	270 884 000	279 078 856	279 329 000	278 979 000	279 359 000
Meirforbruk (mindreforbruk)	(2 000)	(3 599 144)	(491 000)	93 000	1 664 000

Økonomiplan skjema 1B

	B 2015	B2016	B2017	B2018	B2019
Stab og politisk	18 163 000	18 119 849	18 470 000	18 120 000	18 500 000
Oppvekst	108 087 000	107 779 821	107 780 000	107 780 000	107 780 000
Helse og omsorg	119 181 000	125 757 318	125 657 000	125 657 000	125 657 000
Drift og forvaltning	25 453 000	27 421 868	27 422 000	27 422 000	27 422 000
Reguleringspostar	-	-	-	-	-
Til skjema 1A	270 884 000	279 078 856	279 329 000	278 979 000	279 359 000

Økonomiplan skjema 2A

	B2015	B2016	B2017	B2018	B2019
Investeringar i anleggsmidlar	42 789 000	33 500 000	36 100 000	28 500 000	10 400 000
Utlån og forskutteringar	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Avdrag på startlån		850 000			
Udekkja i investering frå tidl. år					
Trong for finansiering i året	45 789 000	37 350 000	39 100 000	31 500 000	13 400 000
Bruk av lånemidlar	(37 065 000)	(33 000 000)	(34 361 000)	(28 809 000)	(13 010 000)
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	(4 000 000)				
Refusjonar og tilskot	(4 724 000)	(3 500 000)	(4 739 000)	(2 691 000)	(390 000)
Tilskot frå andre					
Andre inntekter	-				
Sum ekstern finansiering	(45 789 000)	(36 500 000)	(39 100 000)	(31 500 000)	(13 400 000)
Overført frå drift	-				
Bruk av avsetjingar		(850 000)			
Sum finansiering	(45 789 000)	(37 350 000)	(39 100 000)	(31 500 000)	(13 400 000)
Udekkja/udisponert	-	-	-	-	-

Økonomiplan skjema 2B

Prosjekt	Sum 2016 -					
	2019	B 2015	B 2016	B 2017	B 2018	B 2019
1280001 Utskifting av bilar	2 000 000	500 000	500 000	500 000	500 000	500 000
1438001 Olsvollstranda industriområde	-	500 000	-			
1530012 Radøyhallen oppgraderingar	-	1 475 000				
1530014 Radøyhallen oppgr fasade	200 000		200 000			
1530015 Radøyhallen lager	100 000		100 000			
1530016 Radøyhallen lys uteområde	500 000		500 000			
1583001 Kyrkja	7 500 000	3 250 000	7 500 000			
1908045 IKT Nh inv	400 000	314 000	400 000			
1908045 Breiband infrastruktur	-	700 000				
1920001 Mindre investeringar	6 500 000	500 000	2 000 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
2130004 Manger skule, park og uteomr.	-	1 000 000				
2130005 Manger skule, oppgrad garderobe	2 500 000	-	2 500 000			
2140002 Sæbø skule uteområde	500 000		500 000			
2190013 Radøy ungdomsskule uteområde	-	100 000				
2190014 Elektroniske tavler RUSK	300 000		300 000			
2711002 Austebygd barnehage	2 500 000				2 500 000	
2712005 Uteområde Bø barnehage	-	100 000				
2712006 Ny barnehage Bø	21 500 000		1 500 000	20 000 000		
2713004 Prestmarka bh. Drenering	150 000		150 000			
3210006 Velferdssenteret oppgradering	2 000 000	-		1 000 000	1 000 000	
3210007 Nye sjukeheims/omsutplassar	500 000	2 000 000	500 000			
3220003 Heimetenesta	-	3 200 000				
3225001 Ombygging oms --> institusjon	-	1 000 000				
3225002 Oppgrad omsorgsbustader	2 000 000				2 000 000	
4800101 Turstiar og friluftstiltak	-	200 000				
4800102 Fosnstraumen steinaldersti	-	100 000				
4800103 Turveg/lysløype Manger	2 000 000	1 000 000	2 000 000			
6000101 Lagerbygg Solendmyra	-	500 000				
6000102 Oppgr fasade teknisk stasjon	500 000		500 000			
6103001 Helsehuset	3 000 000	1 500 000			3 000 000	
6104002 Ombygging Grønålen	-	500 000				
6104003 Kommunale bustader	7 500 000	-	-	2 500 000	2 500 000	2 500 000
6110001 Universell utforming	-	150 000				
6120002 Reinholdsmaskiner	100 000		100 000			
6190001 Brannteknisk	2 500 000	1 000 000	500 000		2 000 000	
6215001 Vassprosjekt iht plan	27 400 000	6 000 000	6 300 000	8 000 000	7 700 000	5 400 000
6310005 Avløpsprosjekt iht plan	9 000 000	9 000 000	2 700 000	1 300 000	4 500 000	500 000
6510002 Brannvernustyr	300 000	100 000	100 000	100 000	100 000	
6510003 Ny brannbil	-	3 400 000				
6700003 Kommunale vegar asfaltering	4 000 000	1 500 000	2 000 000	1 000 000	1 000 000	
6700101 Nærmiljøtiltak Bø	3 000 000	3 000 000	3 000 000			
6730001 Straume kai, oppgradering	300 000		300 000			
6764001 Trafikksikring	600 000	200 000	200 000	200 000	200 000	
Sum investering	109 350 000	42 789 000	34 350 000	36 100 000	28 500 000	10 400 000

